

SAK 24/16 ARBEIDSINSTITUTT, UNGDOMSLOS

Saksopplysing

[Arbeidsinstituttet i Buskerud](#) (AIB) er ein fylkeskommunal læringsarena med praktisk og teoretisk opplæring, for ungdom i alderen 16 til 24 år, som for ein periode har behov for eit anna tilbod enn den ordinære vidaregåande skula. I dag er det fire avdelingar, Drammen, Kongsberg, Midtfylket og Ringerike.

I sak 60/15 gjorde Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

«Regionrådet for Hallingdal ser heilt klart behovet for ein alternativ opplæringsarena for ungdom i Hallingdal og vurdera arbeidsinstitutt-modellen som eit svært godt tiltak.

Regionrådet ber Buskerud fylkeskommune arbeide vidare med vurdering av mogelegheiter for etablering av eit Arbeidsinstitutt ved Gol vgs. Regionrådet for Hallingdal kan om ynskjeleg delta i arbeidet, ref. partnarskapsavtala mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal.»

I samband med handsaming av Handlingsprogram 2016 - 2019 for Buskerud fylkeskommune vedtok fylkestinget 10.12.2015, m.a. følgjande:

«Fylkesrådmannen bes gå i dialog med NAV og andre offentlige instanser for å se om det kan være mulig å etablere nye arbeidsinstitutfunksjonar i Hallingdal og Røyken/Hurum som en del av pilotprosjekt i samarbeid med NAV for oppfølging av ungdom. I Hallingdal søkes avklart om også Karrieresenteret kan inngå i et slikt samarbeid.»

Ut frå dei vedtak som er gjort er det no ynskjeleg å ha ein dialog med Buskerud fylkeskommune for å drøfte eventuell organisering og vidare framdrift.

Det er viktig at eit framtidig AI tilbod er bygd opp etter Hallingdal sitt behov. Det vil og vera avgjerande å avklare aktuelle samarbeidsaktørar for å finne fram til best mogeleg løysing.

I tillegg til NAV vil Ungdomslosane, OT og PPT kunne vera relevante aktørar. Og som det står i vedtaket frå Buskerud fylkeskommune så må det og avklarast om Karrieresenteret kan inngå i eit samarbeid.

Oppfølgingstenesta (OT) skal sørge for tilbod om opplæring, arbeid eller sysselsetting for unge som ikkje er i opplæring eller arbeid. Dette er ein lovpålagt rett som gjelde for ungdom til og med det året dei fyller 21 år.

Ungdomslosane i Hallingdal er eit tilbod til ungdom i vidaregående opplæring som treng litt ekstra oppfølging. Det er eit samarbeid mellom Lokalmedisinsk senter, NAV, OT og Ål og Gol vidaregåande skular. Gol kommune er vertskommune. Prosjektet blir avslutta sommaren 2017, men målet er at gode løysingar då er innarbeida og held fram i skulane, kommunane og NAV.

Vurdering

For å koma vidare med avklaringar i forhold til arbeidsinstitutfunksjonar i Hallingdal vil det vera naturleg å starte med innleiande samtalar med Buskerud fylkeskommune i samband med regionrådsmøte 27.5. Målsettinga bør kunne vera at det blir utarbeida ei skisse til vidare arbeid og framdriftsplan, og at det blir etablert ei arbeidsgruppe.

Ål 20.5.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar